

Politikkutvikling etter Aarbakkeutvalet

# Groftekøyring eller himmelstige?

**Eit utdrag frå leiar i NNH, John Petter Lindeland, sitt innlegg under markeringa av at det er 10 år sidan NOU 1998:21 Alternativ medisin. Markeringa fann stad i Tromsø 12. november.**

Omslaget til Aarbakkeutvalet sin rapport om Alternativ medisin er pynta med eit fargerikt bilete av rød- og kvitkløver. Det som kjenneteiknar desse to kulturvekstane, er at dei på mange måtar klarar å gjødsle seg sjølv gjennom sine nitrogenfikserande bakteriar som er festa til røtene i små kvite knollar. Eit nyttig og gjensidig samliv. I dag er desse plantene viktige innslag i grasproduksjonen og gjev verdifull proteintilskot til dei av husdyra våre som har evne til å fordøya slike vekstar.

Det forundrar meg litt kvifor ikkje omslagsbilete hadde villblomar eller ugras som motiv, i staden for to kulturvekstar. Då kunne dette stått som symbol for at nå skulle makta kartleggja alle variantar i denne faunaen og skapa ein dannelsingspolitikk som kunne føra dei inn i meir ordna og høvelege former.

Skal ein gje seg ut på ei tolking om kvifor det blei som det blei med dette omslagsbilete, kan det tenkjast at krefter innan styringsverket eller dannelsingspolitiet hadde større respekt for bransjen enn det ein kunne forventa. Eller at dei ville laga eit ymt om eit forvandlingspoten-

siale for dei som evner å ta til seg forslaga og råda som utvalet kjem med. Den sjølvgjødslande evna til desse plantene kunne sjølv sagt også vera eit symbol på ei melding om at me klarar oss sjølve utan innblanding. Ikkje veit eg. Kanskje var det så enkelt at utvalsleiar er spesielt glad i desse vekstane eller at sekretæren tykte dette var ein fint bilete som kjenneteiknar eit fargerikt fellesskap av platonske himmelstormarar og raritetar. Uansett; omslagsbilete er nå der, uavhengig av både medvite og umedvite motiv.

Slik eg oppfattar mandatet som utvalet fekk tildelt, var dette eit forsøk på å skapa ei nærast sosio-diagnostisk kartlegging av både tilstand og status, behandling og prognose i forhold til ein bransje som aldri hadde vore i nærleiken av å få merksemd og omsorg av eit behandlande departement. Ropa frå dei djupe skogane, dei tronge dalane og høge toppar, frå utøvarar, organisasjonar og folkedjupe hadde nådd Einar Gerhardsens plass og endeleg hamna i Stortinget som samrøystes vedtok å utnemna utvalet som er samla her i kveld for å minnast og feira eit 274 siders dokument som eg meiner de kan vera stolte av og som har lagt grunnlaget for den politikktutviklinga me ser fruktene av i dag.

*Innlegget blir publisert i sin helhet på NNHs nettsider [www.nnh.no](http://www.nnh.no)*

## Ny lærebok i soneterapi

■ Ei kvar fagutvikling er avhengig av personar som evner å systematisera erfaringar og framføra desse på ein pedagogisk måte. Soneterapeut MNNH Terje Horpestad er gjennom boka "Ny kunnskap i soneterapi" aktivt med på eit slikt arbeide. Boka er rikt illustrert med sonekart som i dei fleste tilfelle har referansar til anatomiske strukturar i foten. Dette er ein stor fordel både som eit pedagogisk verktøy, men også som orienteringspunkt i eit fag som krev presisjon om ein vil oppnå resultat. Vidare er det også illustrasjonar med referanse til musklar og organ/meridiansystem. Dette kan vera ei god hjelp i samband med val av behandlingsstrategi og i kommunikasjonen med pasienten. Siste del av boka er via patologi, som gjev ein kortfatta repetisjon og oversikt i eit omfattande tema. Dette skal sjølv sagt ikkje utelukka anna relevant litteratur på området.

Som leiar av ein organisasjon som er oppteken av kvalitetsutvikling, er denne boka eit viktig bidrag. Eg kan tilrå boka til alle som er glad i og oppteken av dette faget, og vonar at fleire blir inspirert til å bokføra sine egne erfaringar. Det er det som skapar utvikling.

John Petter  
Lindeland  
Leiar NNH

Pris kr 660,-  
inkl. frakt

Bestilling til  
[post@nnh.no](mailto:post@nnh.no)  
eller faks  
21 01 37 05



**N  
B**

### HAR DU HUSKET Å REGISTRERE DEG?

Fra januar 2011 får du moms på dine tjenester om du ikke har gjort det. Ta kontakt med NNH-kontoret!